



ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE INVITERER TIL

FERIE-SFO

HAUSTFERIEN 2021

Påmelding

Vi ynskjer dykk velkommen til ferie-SFO

Invitasjon til påmelding for opphald i ferie-SFO for haustferien 2021. Ordninga er lokalisert to dagar på Lidar skule, og ein dag på Rogne skule. På ferie-SFO skal vi ha både inne- og uteaktivitetar på dei ulike skulene. På Lidar skal vi ha ein organisert tur i nærmiljøet. I tillegg vil vi tilby ein formingsaktivitet. På Rogne blir det bakedag der barna skal få vere med å lage noko godt.

Ved spørsmål ta kontakt med enten Ann Iren Jarstadmarken eller Sissel Dahle Lie på ann.iren.jarstadmarken@oystre-slidre.kommune.no eller sissel.dahle.lie@oystre-slidre.kommune.no.

Haut ferie

Veke 41

Leik og moro

både ute og inne

Opplevingar saman

med skulevener

Pris:

Kr. 250 pr.dag

Påmeldingsfrist:

27.09.21

PRØVEORDNING FOR FERIE-SFO HAUSTFERIEN 2021

Rogne barneskule

Solhauglie 6

2943 Rogne

Lidar barneskule

Bygdinvegen 3114

2950 Skammestein

- rein naturglede!



Invitasjon til påmelding for opphald i ferie-SFO for haustferien 2021. Barneskulane i Øystre Slidre har tilbod om SFO kvar dag, og følgjer i utgangspunktet skuleruta. Men i år gjer vi tilbod utanom skuleruta dersom det er fem eller fleire som melder seg på i kommunen. Ferie-SFO haustferien 2021 i Øystre Slidre er ein prøveordning.

Retningslinjer

- Prøveordninga gir tilbod i haustferien i veke 41, der vi held open på måndag, tysdag og onsdag.
- Ordninga er open for elevar frå 1-4.klasse og for elevar med særskilte behov frå 5-7.klasse. For at det skal bli eit tilbod må det vere **minst 5 barn** påmeldt.
- Prisen er kr.250 pr.dag barnet skal vere der, og det blir ikkje gitt ingen søskenmoderasjon.
- **Påmeldinga er bindande**
- **Opningstida er frå 08.00-15.30, med ei kjernetid frå 09.30-14.00.** Det betyr at barna må vere levert før 09.30, og tidlegast bli henta 14.00. Dette er på grunn av det skal vere ulike opplegg på SFO som skal skje på denne tida. Om barnet ikkje skulle komme på SFO ein dag, så må ein gi beskjed.
- **Basen til SFO vil vere på Lidar skule 11/10 og 12/10, og på Rogne skule 13/10. Då møtes vi ved hovudinngangen.**
- Viss barnet skal gå heim sjølv, må dette avtalast med dei som jobbar på ferie-SFO.
- Med tanke på usikkerheita rundt Korona-viruset blir det teke atterhald om at tilbodet ikkje kan gjennomførast eller at det kan bli endringar.

På SFO vil dei få mat, så gi oss beskjed ved eventuelle allergiar på e-post til ein av rektorane.

Påmelding

via kommunen sine heimesider innan fredag 27. september